

Nyttige namn og nummer

Lokallag
Begnåljom spel- og dansarlag
Emedal spel- og dansarlag
Valdreskveiven spel- og dansarlag
Valdreslaget i Oslo
V. Slidre folkemusikk- og danselag
Vårhammeren spel- og dansarlag
Øystre Slidre spel- og dansarlag

Valdres folkemusikklag
Leiar
Låt o' Link, redaktør
"Lea de" - kontakt
VFAS, -styreltar
- dagleg leitar,
- vikar for dagleg leitar
- medarbeidar

Andre
Valdres folkemusikkarkiv
Instrumentverkstaden
Austnorsk folkemusikkcenter
FolkOrg, dagleg leitar

Leiar/kontaktperson
Tor Morten Røhr 61 34 63 35
Bergljot Hedda Lunde
Ivar K. Hemsing 61 36 74 02
Heidi Eek 402 30 165
Randi Før 61 34 42 10
Oddrun Hege 61 60 33 57
Magne Olav Selland 934 19 294

Telefon
Tor Morten Røhr 61 34 63 35
Bergljot Hedda Lunde
Ivar K. Hemsing 61 36 74 02
Kjell Bakken 913 71 993
Stian Roland 907 22 690
Anita Nodland 917 69 023
Solveig Hårdnes, i permisjon 907 22 690
Ina Solvin 61 36 46 71 (a)
Elisabeth Kverne 61 35 99 32 (a)
Knut Opheimsbakken 61 35 99 30 (a)
Bente Hemsing 971 52 445
Knut Aastad Bråten 907 68 797
Linda Dyrnes 22 00 56 90(a)

Mobiletelefon
Tor Morten Røhr 913 34 985
Bergljot Hedda Lunde 990 37 541
Ivar K. Hemsing 481 28 610
Heidi Eek 402 30 165
Randi Før 915 77 695
Oddrun Hege 971 76 868
Magne Olav Selland 934 19 294

F-post
tormrohr@hotmail.no
bhedda@hotmail.com
hemsing@c21.net
hemsing@online.no
stian.roland@hf.ntnu.no
v-ant-ro@online.no
post@hiline.no
leiar@strunkeveko.no

Folkemusikk
hemsing@c21.net
komb@online.no
stian.roland@hf.ntnu.no
v-ant-ro@online.no
magnocolavselland@hotmail.com
aundun.bratrud@n2u.no
randtoer@online.no
heid.ekk@gmail.com
hemsing@c21.net
bhedda@hotmail.com

LÅT O' LINK

Nummer 1
Februar 2011
Årgang 21



Her er det mange unge, spreke dansarar som er i full sving på Jørn Hiline-stemnet 2010


VALDRESKAPPLEIKEN 2011:

Laurdag 2. april på Sør-Aurdal ungdomsskole.

Førehandspåmelding vil vere mogleg.

Informasjon om kappleiken:

Kontakt kappleikleiar Stein Ivar Øvergård mob.91366137.



LEIARENS LUNE HJØRNE

Eit nytt Låt o` Link er her med mulegheit for å rette opp gamle feil, eller skapa nye!

Sia sist leiar har tida gått fort, møter, telefonar, e-postar og leiting i bilagsmapper. Det har kome noko godt ut av det heile, innvalde og tilsette i både Vfl og VFAS har fått ei betre innsikt i kvifor det iblant har kome fram tal i våre rekneskap som vi har hatt vanskar med å forstå.

Dette kanskje fordi ingen av partane har sagt; Eg har gjort alt mitt rett så feilen må vera hjå deg. Alle har leita og sagt; kva er dette, kvifor vart det gjort, kva vart resultatet, vart resultatet rett?

I prosessen har vi sett at enkelte ting utisikta har vore ført slik at eit rett resultat likevel ikkje er heilt rett. Dette har vore berre småting men likevel godt å finne ut av og få ordna opp.

Styremedlemmer og tilsette fortener stor takk for den innsatsen kvar enkelt har lagt i dette arbeidet. Anita (styrerelearen i VFAS) for sin evne til oversikt og å forstå, samt formidle vidare slik at vi andre forstår; Astrid (kasserar i Vfl) for sine kunnskapar samt for å vera positiv og ikkje gjø seg, ho vil veta og forstå.

JH-jubileumsstemnet gjekk med underskot. VFAS og Vfl sin økonomi er dermed trongare enn vi hadde meint den skulle vera, men alle ser no same leia, og vi har tru på det vi driv med.

Sjåast på konsertar, dansesamlingar, årsmøte og summarens høgdepunkt; Jørn Hilme stemme og Strunkeveko.

Ivar

ÅRSMØTE I VALDRES FOLKEMUSIKKLAG 2011

blir 17.03.2011 kl 19.00, festsalen i nybygget, museet på Fagermes.

Vfl sine vedtektar seier at medlemmer som vil ha saker med på årsmøte må ha sendt desse til styret innan 01.01. Ingen saker er innkomne men saka frå i fjor blir med i år og eigarskapen til VFAS. Vi skal då ha med forslag til lovendring slik at det heile blir rett. Merk dykk datoen og vel utsendingar frå lokallaga til dette møte. Årsmøtepapir med sakliste skal vera ute minst 14 dagar før møtet.

Vfl v/ styret

LÅT O` LINK

Låt o` Link er eit frittstående folkemusikkritiktskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag. Idear, ei god historie eller anna stoff, kan du sende til Valdres folkemusikklag, Tynningen 27, 2900 Fagermes. Merk e-postane eller konvoluttane med «Låt o` Link». Opplag: 380

OPPLÆRING I LANGELEIKSPEL I SØR-AURDAL

Begnaljom spel- og dansarlag har i haust gjennomført kurs i langeleikspeling på SAUS.

Heile 9 deltakarar vart med, - fint fordelt på alle aldrar frå 9 til 84 år.

Ole Aastad Bråten og Oddrun Hegge har hatt hovudansvaret, men òg Lise Lunde Brennhagen og Guri Marie Hegge har vore innom som instruktørar.

No på etterjulsvinten fortset deltakarane med mål om å stille på Valdreskapleiken i Bagn 2. april. Opplæringa er ikkje berre spørsmål om å få styring på snert og fingrar, det er òg ynskje om å få innblikk i langeleiken si historie i Sør-Aurdal.

Såleis føreligg det ein invitasjon til:

Open kveld 10. mars kl. 19.00 på Bagn Bygdesamling

med langeleiken, instrumentet og musikken i Sør-Aurdal som tema, v/ arkivar i Valdres Folkemusikkarkiv, Elisabeth Kværne.

Kursdeltakarane spelar etterpå.

Alle er hjarteleg velkomne!

Samarbeid mellom Begnaljom spel- og dansarlag og Valdresmusea.
oh

VAKSENOPPLÆRINGSMIDLAR

Vil du søke om vaksenopplæringsmidlar til halvårsvingar evt. helgkurs, ring til eller gå på nett:

Hedmark og Oppland Musikkråd

62 54 46 35/930 45 016

www.musikk.no/ho.

Hér finst og andre støtteordningar, KOMP og Musikktutstyrordningen.

Du kan og ringe til, eller gå på FolkOrg sine nettsider

GRASROTANDELEN FRÅ NORSK TIPPING

Valdres Folkemusikklag er registrert i Frivillighetsregisteret som aktuell mottakar av grasrotandelen frå Norsk Tipping. Det betyr at dei som spelar registrert frå 1. mars 2009 kan velge å gi 5% av innsatsen sin til folkemusikklaget. Grasrotandelen går ikkje utover innsatsen eller premien til den som spelar.

Laget sitt organisasjonsnr er: 971 537 876

Her er tre forskjellige måtar du kan knyte deg til ein grasrotmottakar:

1) www.norsk-tipping.no:

Logg deg inn med kort og kortleser og velg Min side, deretter Grasrotandelen. Her kan du søke opp den mottakeren du ønsker å støtte og enkelt knytte deg til.

2) Ta med organisasjonsnr til tippekommisjonæren

3) Kommisjonær:

Ta med strekkoden under her til kommisjonæren og be han skanna han.

Grasrotandelen

Ved utgangen av april utgjorde grasrotandelen til folkemusikklaget ca. kr. 7000. Dette kjem godt med, og vil bli brukt til beste for folkemusikken og folkedansen. Takk til dei som støttar folkemusikklaget!



ORIENTERING OM STODA I VALDRES FOLKEMUSIKKARRANGEMENT AS

Det blir sagt at rykta går om stoda til selskapet som arrangerer Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko. Styret i VFAS kjenner difor trong til å informere litt slik at det blir klart for alle interesserte korleis stoda faktisk er.

AS-et vart oppretta i 2009, og fyrste driftsåret gikk strålende med vellykka arrangement og eit solid overskot på rekneskapen. Styret gikk difor inn i jubileumsåret 2010 med høge ambisjonar. 50-årsjubileet skulle feirst med m ein jubileumsDVD og eit tingsverk på Jaslengen. Jubileet vart særst vellykka. Likevel svarte ikkje publikumsstilstrøyminga til ambisjonane. Det vart også gjort utskiftingar i staben dette året og ei stilling vart auka med 40% slik at det no er to 80% stillingar i administrasjonen til VFAS.

Styreleiar frå stiftinga av selskapet har vore Svein Erik Hilmen. Han ville satse meir på politikk og sa takk for seg under ei ekstraordinær generalforsamling hausten 2010. Anita Nodland steppa inn som ny styreleiar, og i samband med dette ville ho seija seg grundig inn i kva for eit selskap ho hadde teke over styreleinga for. I oktober 2010 oppdaga ho saman med dei tilsette at det var ein reell fare for stort underskot i selskapet som fylgje av satsingane i 2010. Styret sette difor snart i verk tiltak for å sikre vidare økonomi til drift i selskapet. Alle inntekter vart dobbeltsjeka, og jammnen var det noko å hente. Dei tilsette fekk tidleg juleferie, og no i 2011 er det førebels litt innskrenkingar i staben for å spare pengar. Full arbeidsstyrke med to 80% stillingar er planlagt frå april 2011, og ingen treng frykte for anna enn at det blir eit drusteleg Jørn Hilme-stemne også dette året.

Strunkeveko har halde seg imanfor budsjett, og erfaring tiseier at det kjem ho også til å gjera i året som kjem. VFAS er velsigna med flinke tilsette og eit styre som tek ansvar. I tillegg har me i alle år hatt hjelp av eit hundretals frivillige som gjer ein kjempeinnsats under arrangementa våre.

Med Valdres folkemusikklag som velviljuge eigarar er me godt forspente med gode krefter. Me ser fram til flotte opplevingar under arrangementa i 2011, og oppmodar alle til å mimre med den eineståande jubileums-DVDen fram til dess!

*For styret i VFAS
Eli Mari Fuglesteg*

KONSERT MED FOLKEMUSIKKELEVAR

18. november arrangerte Vårflaumen konsert der alle folkemusikk-elevane i Nord-Aurdal Kulturskole var inviterte til å delta. Det er heile 33 elevar i Kulturskulen i Nord-Aurdal som spelar hardingfele, torader, langeleik, syng eller dansar halling.

Og fantastiske 27 av desse stitte opp på konserten der dei òg fekk møte førebilete som årets norgesmester i torader, Ole Kristian Fredriksen, Landskappleikvinnarane Jan Beitohaugen Granli, Lise Lunde Brennhagen og Bjørn Strand. Det var smakebitar frå folkemusikkarkivet og filmsnuttar. Ein fylt festsal på museet fekk slik litt bakgrunnskunnskap og perspektiv på musikkhobbyen.

Det var ein skikkeleg flott, unik konsert!

Etterpå sytte toraderspelarane for god dansemusikk.

Ein ide for fleire spel- og dansarlag? Eller ein for heile Valdres, - eller for Valdreskappleiken?

Konserten var eit ledd i Nord-Aurdal kommune si kulturveke, - «Kulturlaupen».

oh

DANSEKURSI!

Kurs i springar, halling og gammeldans over 6 kvelder.

Stordanseren Stian Roland vil vere hovedinstruktør, mens ungdommer fra dansprosjektet Lea De vil vere hjelpeinstruktører.

Kurset er åpent for alle fra 14-20 år (det holder om du er født i 1997)

Pizza vil bli servert på alle kurskveldene!

NÅR:

Mandag 10. januar	17.00-19.00
Mandag 17. januar	..
Mandag 24. januar	..
Mandag 31. januar	..
Mandag 7. februar	..
Mandag 14. februar	..

HVOR: Valdres Folkemuseum, i den nye feststaden.

Du trenger ikke å ha danset noe før for å bli med på kurset!

Dessuten er kurset GRATIS!

Har du spørsmål, ta kontakt med:

Bibbi Blomlie: 90924664
Tora Vik: 41498794
Ragnhild Kolsrud: 99304125
Anne E. Hamre: 41418463



Foto: RF- senteret

Arrangør: Ung i Valdres, Lea de-Bygda dansar i
Oppland, Valdresmusea og Valdres Folkemusikklag.

BABYBOOM-KONSERT

Framtida til folkemusikken er sikra. I alle fall om ein får boomen siste åra til å fylgje i foreldra sine folkemusikkspor. Då pratar me om mengde og mangfald i heile musikk- og dansespekteret. Her er potensiarar og for nye i miljøet.

I perspektiv av fllg

- Konsert til minne om 100 åringer,
- Veletablerte spel- og dansarlag,
- Lea de for ungdom,
- Kulturskule,

- Lått o Leven og Yngretreff for unge,

bør det ikkje òg bli dukka for babyboom-konsert for dei aller minste?

Sjå føre dykk, - foreldre underheld, spelar, syng, dansar. Det er lov for ungane å krabbe rundt, laga lyd, reise seg langs scenekanten i ubeherska begeistring.

Om fem år er dei klare for Yngretreff, om 10 år er dei ungdommar i Lea de.

De har sjølvsagt gjennomskua baktanken, men er det ikkje flott om småbarnsforeldre får eit forum der dei kan treffast og syne fram sine håpefulle? Tida til å treffast i miljøet strekk ikkje til i denne travlaste livsperioda, og då er kombitilbod alltid kjærkomne.
Ein ide for midtdagspausa på Valdreskappleiken?



DET SKJER

LAUSDANS BLIR TOPPIDRETTSFAG

Frå hausten 2011 startar Frikar og Valdres vidaregåande skule opp ei toppidrettsline med lausdans/ akrobatisk scenedans. Frikar stiller med lærarkrefter og sikrar det faglege innhaldet i sceneundervisninga. Elevane går elles på vanleg idrettsfag.

FOLKEMUSIKKORGANISASJONEN HAR FÅTT NYTT NAMN:

FOLKORG

I eitt år har organisasjonen hatt eit førebels namn. Under årsmøtet i Bergen 2010 vart endeleg det nye namnet på organisasjonen bestemt. No heiter organisasjonen FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans

FOLKORG HAR ÅRSMØTE PÅ RØROS

29. april - 1. mai 2011

Landsmøtet i FolkOrg skal haldast på Røros, frå 29. april til 1. mai.

LANDSFESTIVALEN

Landsfestivalen 2011 til Oppdal

Oppdal spell- og dansariar er arrangører av Landsfestivalen i gammeldansmusikk 2011.

- Gammeldansfestivalen har de siste årene vært nede i en liten bølgedal. Dette er noe vi ønsker å ta tak i, sier festivalleder Øyvind Sandum.

KAPPELKS-BUKK.

Viktig å bukke på kappleik, tenker du. Ja, sceneutstråling og tekkeleg framferd er bra.

Men kva med å slå seg laus i reine julebukkunderhaldninga på kappleik? Fløta Valdreskappleiken til januar og kombinere? Underhaldningseffekten ville vera upåklageleg, dansen ville få nye dimensjonar, spelet ville bli villare, sangen finne nye tekstar, leiken let med og utan berøring, og bukkehødn ventar slett ikkje.

Ikkje alle idear er gode idear, seier du. Einig, men bra å løyse på snippen, - og domarjobben fått utvilsamt ny dimensjon.

VELKOMEN TIL ØVING I

VALDRES JUNIORSPELEMANNSLAG

Valdres juniorspelelemannslag er eit nytt tilbod for unge mellom 12 og 20 år som spelar hardingfele i Valdres. Tiltaket er eit samarbeid mellom kulturskulane i Valdres og Valdres folkemusikklag, og er først og fremst for dei som er elevar i kulturskulen, men også andre interesserte kan vera med.

Vi samlast ein gong i månaden på kulturskulen i Slidre, tysdag kl. 16-18 under leining av sjølvaste Jan Beithaugen Granli. Det vil bli øvd inn eit fellereportoar som gruppe vil bruke på lokalkappleikar, landskappleiken og kanskje nokre felles turar på besøk til andre distrikt.

På øvingane blir det servert litt å bite i.

Pris per halvår: 500,- (Du kan søkje lokallaget ditt om å få dekt delar av kostnaden) Prisen dekker undervisningskostnader, mat og deltaking på kappleikar.

Øvingane i vår blir

Tysdag 8. mars

tysdag 5. april

Tysdag 3. mai

Tysdag 31. mai

og truleg eit par fellesøvingar før Landskappleiken.

Valdres juniorspelelemannslag

eit samarbeid mellom Valdres folkemusikklag og kulturskulane i Valdres

Meir info og påmelding:

Kontakt Jan Beithaugen Granli (lærar)

beithaugen@hotmail.com / tlf. 90739561

eller

Frode Rolandsgard (Valdres folkemusikklag)

frode.rolandsgard@talik.no / 91197407

AKTIVITET OG PLANER - VFL

Stian er som alltid god å ha i nærleiken. Då eg endeleg byrja prate om tradisjons-dans var svaret dette: Ja, mø æ no i gang mø då o ha dreve på sia skula starta i haust, det æ nøk berre de so æ lite seint ute ser du.

Vfl ved styret har sagt ja til å vera med Valdres Scene om Sigrid Moldestad konserten no den 11.febr.

Lea de, tre år med dansegla ungdomar frå Oppland vart avslutta med framsyninga under JH-stemnet. Det har vore prata om å ta vare på, kanskje bruke desse ungdomane som forebileter og motivasjon for nye årskull. Det er under planlegging ei gjensynshelg men open for nye og. Der vil vi bruke Lea de gjengen som instruktørar for nye på noko av helga,men og prøve gie dei påfyll og motivasjon til å fortseta med dans.

11.-13.mars 2011 var under planlegging men så fekk vi høyre om dansedykk i Springleik i Oslo den helga. Kontakt med GU fortel at mange av Lea de ungdomane er i Oslo denne vinteren og venteleg stiller der. Men GU har mange nye under opplæring, om vi kan ta ei samling lenger utpå våren trur dei desse då vil ha meir lyst til og glede av ei slik helg saman med Lea de ungdomane.

Før vi kom så langt kom ideen om eit lokalt dansekurs, tilrettelagt og med nokre frå Lea de i spissen men og med Stian i bildet. Seks måndagar frå 17-19 og med ei pizza pause innlagt vart planlagt og reklame ordna før Jul. Kurset er nesten over og med 19 ungdomar innom, av desse er det berre fire som var med i Lea de. Fleire har og med instrument så dei er sjølvforsynte med musikk. Styret i Vfl stiller med saft, og pizza kjøpt hjå Fagermes bowling. Etter kursslutt håpar me alle fortset å møtast på tradisjonsdans.

Frode har store tankar om juniorspelemannslag for Valdres, noko han har prata med Jan B G om. Jan er med berre vi løysar den økonomiske biten og han finn ledig kveld. Tanken er å leige Jan frå kulturskulen, søke om tilskot samt at elevene betalar noko og Vfl resten.

Bra alt dette tenkte eg, men pengar då. Valdres ungdomslag, der har god økonomi og liten aktivitet på dette området, eg fortel dei om våre aktivitetar og planer og spør om hjelp. Valdres Ungdomslag vil sponse Vfl med heile pizzaserveringa på dansekurset. Dei er og interesserte i å vera medarrangør på noko av våre ungdomsrelaterte aktivitetar men ynskjer å drøfte sistnemde i større fora før endeleg beslutning blir teken Dette fekk eg over tlf. i dag. Val og Vfl må talast og bli einige. I tillegg veit eg at mange av oss i Vfl har vore aktive NU-atar tidlegare, dermed tillet meg å gjera ei lita strofe frå NU songen til Val og Vfl sitt motto; Saman er vi sterke.

Ivar



BEGNALJOM:

Fellesøving fele:

Første gong på Sør-Aurdal ungdomsskole søndag 23. januar kl. 19.30. Dei andre øvingsdatoane blir bestemt då, vanlegvis annakvar veke.

Kurs:

Langleikkurset frå i haust held fram. Vi prøver få i gang eit kurs i toraderspel.

VÅRFLAUMEN SPEL- OG DANSARLAG

I desse årsmøtetider er oppsummering viktig, men òg vyer for arbeidet framover.

Konsert med folkemusikkutøvarar 18. nov, var største lyftet i laget i meldingsåret.

Yngretreff var arrangert 23. oktober i samarbeid med Øystre Slidre spel- og dansarlag, denne gongen på Øsbus.

Laget samarbeidde med museet og Valdres Scene om gjennomføringa av konsert med Nordic, 14. januar, med dans etterpå.

Årsmøtet 2011 blir 7. mars på Folkemusikkhuset, museet på Fagermes. Arkivar Elisabeth Kvernem tek oss med på «safarir» i den tette folkemusikkskogen i Nord-Aurdal.

Vona er eit rikt, gjennomførbart program òg for komande år, men det fordrar at den tomme leiarstolen blir fylt, noko valnemnda har kontroll på.

Så velkomne til årsmøte.

VALDRESLAGET I OSLO.

Øvingskvelder våren 2011

10. januar, 24. januar, 7. februar, 21. februar, 7. mars, 21. mars, 4. april, 2. mai, 23. mai, 6. juni

Det blir bygdelagsfest i Nordahl Brunns gate 22 lørdag 12 mars. Erland Joplassen speler Valdrespel, ellers blir det spel fra Numedal, Telemark, Hallingdal og gammeldans/pols.

Mange i Valdres har hatt stor glede av Bygdelagssamskipnaden (BLS) og NB22. BLS består av ca. 1300 medlemmer fordelt på 18 forskjellige bygdelag. Nå er det store endringer på gang: Styret har fått i oppdrag å sikre fremtiden for BLS gjennom et mulig salg av eiendommen. Det pågår for tiden diskusjoner med Bondedomslaget (BUL), som er et av bygdelagene med drøyt halvparten av alle medlemmene i BLS) gjennom Bøndenes Hus AS og Olav Thon (som er medlem av Hallinglaget). Dette er en vanskelig sak og det er mye følelser involvert, noe som kommer tydelig frem på leiar møtene. Styret i BLS arbeider for at det skal bli fattet en endelig avgjørelse på årsmøtet i slutten av mars.

Heidi Eck

Leiar, Valdreslaget i Oslo

ØYSTRE SLIDRE SPEL- OG DANSARLAG

Årsmøtet blir i år avvikla 13. mars.

Laget held fram med fredagsdans i Spelemannstogo på Herantunet, 1. fredag kvar måned kl. 20.

Nye Yngretreff står òg på vår og haustprogrammet.

AKTIVITETAR I LOKALLAGA: VALDRESKVELVEN

Felegruppa har hatt fyrste øvinge etter Jol, samarbeidet med Vestreslidringane fortset og Laura er stadig motivasjonsfaktor og kunstnerisk leiar. Ho kallar og saman gruppa til øving ca kvar fjortande dag.

Har og vore tale om ei helgesamling med lærar utanfrå, dette i godt samarbeid med Vestre Slidre. Info vil då koma når vi veit sikkert.

Toraderane med komp er og i kjømnda. Tom Kjetil seier dei vil øve med deltaking på Storefjelltreffen som mål. Har du ambisjonar så ta kontakt, dette kan bli moro.

Danseskveldane på Torshelm er foreløbig lagt på is, i gjennomsnitt få betalande gjorde at vi heile tida åt av lagets midlar og det går ikkje so lenge.

Springar, Bonde og slikt noko dansar vi samen med Vestre Slidre som før.

Langeleik er fortsatt i kulturskulen men ikkje blant dei vaksne.

Når våre kvedarar er klare, ja eg seier ikkje meir.... men, dei har so mange andre interesser i tillegg og då blir det ofte slikt.

Valdreskvelven er medeigar og har i samarbeid med kulturskulerektor nøkkel for utlån til Rockeverkstad med PA lydlegg og slagverk. Er oppmontert i rom ved Thorpe, men kan kanskje no bli flytta til Åsvang.

Vi ynskjer at ungdomane brukar dette utstyret og.

Er det munnharpespelelarar i Vang som har lyst til å møtast, ta kontakt.

Eg har sjølv ei som ville like å bli stelt litt med.

Ivar

VESTRE SLIDRE FOLKEMUSIKK- OG DANSELAG

Årsmøte torsdag 17. februar kl. 19.30 på biblioteket.

Danseøvingar torsdageane 27.1., 10.2., 24.2. og

onsdageane 16.3., 30.3., 13.4., 27.4., 11.5., 25.5., 8.6.

På Grendekafeen i kulturhuset kl. 19.00 – 21.00.

Gamaldanskurs onsdag 9. mars og måndag 14. mars på Røn samfunnshus

kl. 18.00 – 20.00.

Folkedub fredag 8. april kl. 20.00 på Kvamshall.

LÅT O` LINK - BRUKAR VI DET? til kva då, og kor mange er vi som brukar det ?

Er det kan hende berre fint å få eit slikt blad i posten, eller står det noko der som eg el du er interessert i. No veit vi i styret kva VfI skal bruke bladet til. Med temperaturen i skrivande stund er det ikkje å gjera opp i omnen som er mest nødvendig, nei vi vil gjera lokallaga og medlemene merksame på at antall blad sendt rundt om i Valdres og landet har vore omkring 4-450 stk. i mange år. 28. januar 2011 kl 11.01 fekk Frode ein mail der det står, VfI har i år 224 vaksne, 22 ungdomar og 38 born som betalande, dette er 284 medlemmer.

I Valdreskvelven har vi oppdaga at mange blir forundra når vi fortel dei ikkje er medlem. Det er såpass mykje for kvar enkelt i dag så at eit medlemskort med innbetaling uteblir legg vi ikkje merke til.

Kjære lokallag og tillitsvalde, ta ein prat med tidlegare medlemmer og spør, kan hende vil dei enno vera med i laget.

Kan hende burde det vera meir som var kjekt å veta før leiar og styre som skal drive lokallaga i Valdres.

Redaktøren vår, han Kjell, har denne gongen prøvd å gjera noko ved dette. Han legg ut i bladet adresser som de kan bruke før o finne fram til og søke om tilskot til aktivitetar de driv med.

Som leiar i Valdreskvelven har eg søkt om VO midlar på øvingane i felegruppa og toradergiengen. To søknader som skal vera inne før øvingane startar, med navn på lærar, studieplan, antall utøvarar, reportar og forventa ant. dagar og timar. So i jan. eller juni, etter haust/vårsemester, sender eg skjema med fram møte, navn og alder på deltakarane, retting om det er forandring på antal timar eller reportar og ein kort evaluering, mål som er nådd.

Fyrste gongen føleste det tungt o trått, sidan berre greit. Kronene som kjem går til pådrivar og inspiratorane som takk for innsatsen.

Kan hende kan laga fortelja kvarandre litt meir kva dei driv med, korleis dei gjer ting. Då får vi idear og inspirasjon frå kvarandre og tenkjer, når du kan so prøver eg og.

Med dagens økonomi ynskjer styret i VfI å ha berre to utgåver i år, heller bruke kronene til ungdomsaktivitetar. Vi tenkjer oss neste i slutten av sept. med info. om årets stemme, tidspunkt for evalueringsmøte, laga sine planer og kva som har gått bra so langt. Det blir større behov for å sende info. på e-post til lagsleiarane. Medlemmer som har e-post og gjerne vil ha info. kan sende ein mail til oss i VfI. Vi får registrert adressa og sender til dykk samtidig med laga.

Mvh Ivar K H



GARLISTUTEN



Knut Ophreimsbakken (til venstre) har laga ein kopi, og med ein tidstypisk boge fekk dei bortimot femti framnøtte høyre ein springar og ein hvarlått. Foto: Nils Rogn

Felehistorie: Eks-vestreslidringen Olav Norheim har lenge forska på meisterspeleleemannen Jørn Hilme. Under dette arbeidet har han også samla mykje kunnskap om Garlistuten som vart feila hans Jørn. Tysdag den 8. februar heldt han eit fengslande foredrag om Garlistuten på Valdres Folkemuseum, etter at Vennelaget for museet hadde hatt sitt årsmøte. Fela var ei trondefeie bygd av Trond Isaksson Botnen i Hardanger i 1761. Hilme fekk fatt i henne ikring 1830 og hadde fela til han døydde i 1854. Sonen hans, Trond overtok ho. Seinare kom Garlistuten til Amerika med Jørn Hilme junior. Jøger Quale spora henne opp i Nord Dakota, og fekk kjøpt fela hausten 1929. Han gav henne og to andre Amerika-feler til Valdres Folkemuseum i 1958. I museumshranken i 1965 gjekk dei alle tapte.

Nils Rogn

VALDRES SCENE

I sommarhalvåret kan du gå frå festival til festival i Valdres. Austnorsk folkemusikksenter har no etablert **Valdres Scene** som skal vera ein møteplass, ei sjangerfri scene der alle musikalske uttrykk skal få sleppe til elles i året. I 2011 vil me arrangere konsertane våre i festsalen på Valdres folkemuseum, og me satsar på kvalitet og variasjon. Etter kvar konsert vil me arrangere dans, ei samværform som mange saknar. Karfeen vil vera open og der skal vera rom for å prate og kose seg. Dette er ei unnk sjanse til å få oppleve fantastiske muskarar! Kjem du? Det har vore to konsertar hittil i vår og ein står att:

13.5 Epile Trio – jazz i folketonedrakt. Trioen vil også ha ein workshop same dagen som konserten er.

Valdres Scene vil samarbeide med andre konsertarrangørar som Stabbur Amfi/Folk i sentrum, Nord Garthus gård, Brennabu og Fjelljazzen på Beitostølen i eit scenenettverk for Valdres. Me vil ma samordne konsertdatoar. Dette blir tilbod i tillegg til dei fantastiske festivalane me har i Valdres.

Bente Hensing /dagleg leiar

Austnorsk folkemusikksenter

ETABLERING OG DRIFT AV KONSERTSCENER - DEL TO

18.-19. mars 2011 på Riksscenen i Oslo

RKØ inviterer små og store konsertarrangørar innan alle sjangrar til seminar. Oppfølging av samlinga i Valdres hausten 2010 – ope også for nye deltakarar

Mange gode innleiarar:

Øystein Rudi (spelemann og kulturgardbrukar), Jorunn Marie Kvernberg (fritilansar), Runar Eggessvik (tidl. By:Larm, Treana, Øya, Dugnad for Haiti), Helge Skansen (dagleg leiar), Ole Hamre (komponist og muskarar), (Konsertforeninga Havesekken)

Paneldebatt: Ordstyrar: Arnljfm Bierkestrand (kulturrkampgeneral).

Påmelding, delataravgift og oppdatert program på www.rytmisknettverk.no.

Frist: 1. mars.

Arrangør: Rytmisk kompetansenettverk for Østlandet (RKØ)

Vi feirar 70 år!

FOLKEMUSIKK

Einaste folkemusikk-bladet i landet!

Fem utgåver i året!

Tilbod til nye abonnentar:
250 kr i heile 2011!

Kontakt: knut@folkemusikk.no
tlf.: 907 68 797